



OPPLÆRINGS -OG KOMPETANSEPLAN



Versjon 2.0: 14.06.2019
Prosjektadministrasjonen

1. INNLEIING

Gjennom Nasjonalt velferdsteknologiprogram samarbeider 17 kommunar i Hordaland om eit prosjekt, som skal implementera velferdsteknologi i dei aktuelle kommunane. Prosjektperioden varer ut 2020. Prosjektet «Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi» er ei utviding av «Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi» som starta opp med 10 kommunar i 2017. Vi bygger òg på erfaringar frå Lindåsprosjektet som starta i 2012.

I eit slik prosjekt er opplæring og å tileigna seg ny kunnskap særskild viktig. Kommunane i prosjektet har ulike ståstad, og prosjektleiinga vil forsøke å gje opplæringa ut ifrå den einstilte kommune sitt behov. Opplæring og informasjonsarbeid må føregå på mange ulike nivå og blant ulike målgrupper. Dette gjeld frå tilsette på tvers av sektorar i kommunane til brukarar og deira pårørande. Etter kvart vil ein også spreie kunnskap til innbyggjarar i kommunane i prosjektet. For å ivareta forankring og involvering i prosjektet må politikarar, ulike råd og brukarorganisasjonar vera informert og få opplæring i velferdsteknologi.

Som ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet er ein forplikta i heile perioden å drive kunnskapsspreiing til andre kommunar i regionen, fylket og nasjonalt, andre samarbeidspartar, og utdanningsinstitusjonar om erfaringane i prosjektet.

Prosjektet har to ulike fasar. Fyrste del av prosjektet er den førebuaende fasen og siste del av prosjektet er implementeringsfasen.

Førebuaende fase, 2017 – 2019

I denne perioden er hovudfokuset å gje grunnopplæring til dei tilsette, avklare kommunane sine behov og få dei involverte kommunane til å samkøyre seg innan velferdsteknologi. Viktig at ein gjev informasjon og opplæring til alle tilsette i kommunane samt tenkjer tverrfagleg og tverrsektorielt, då heile organisasjonen skal vere ein aktiv part i velferdsteknologitenesta seinare. Ein skal samstundes forankra prosjektet på kryss og tvers blant politikarar, leiarar, tillitsvalde og alle tilsette i alle kommunane. I samband med innføring av velferdsteknologi er det også særskild viktig å ivareta brukarmedverknad og involvera brukarorganisasjonar.

Implementeringsfase, 2019 - 2020

I denne fasen er hovudfokuset på opplæring i utstyr og gje opplæring i bruk av utstyr hjå tilsette, brukarar og pårørande, slik at kommunane kan ta i bruk velferdsteknologi som del av ordinære tenester. *Samstundes må ein halde ved like den kompetansen som er opparbeidd hjå dei ulike målgruppene i fyrste del av prosjektet.* I perioden må ein aktivt gje informasjon og kunnskap gjennom dialog til alle innbyggjarar om det nye tenestetilbodet.

2. HANDLINGSPLAN 2019 - 2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Prosjektgruppe	Drive prosjektet for å oppnå målsetjingane i mandatet og dei nasjonale føringar	Opplæring i prosjektmetodikk og prosesshjelp	*Samlingar for prosjektgruppa *Delta på samlingar/prosjektleiarsamlingar/regionale samlingar i Nasjonalt velferdsteknologiprogram *Delta på workshop PA - consulting	2019/2020
		Opplæring i endringsleiing	*Delta på kurs i endringsleiing	Vår og haust 2019
	Ansvarleg for opplæring i prosjektet	Kartlegging av kompetansebehov Opplæring etter behov	*Velferdsteknologiens ABC *Lokal opplæring frå eks. IKT *Opplæring frå leverandørar *Hospitering til andre *Delta på konferansar *Erfaringsdeling med andre kommunar/prosjekt	2019/2020
	Ha god kunnskap og halde seg oppdatert om aktuell velferdsteknologi og bruken av den	Opplæring i utstyr Opplæringar	*Opplæringsplan med leverandør *Delta på konferansar	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Leiarar i helse og omsorg	Ansvar for gjennomføring av prosjektet i eigen kommune	Opplæring og prosesshjelp Opplæring i gevinstrealisering Opplæring i endringsleiing	*Workshop PA – consulting *Lokale arbeidsseminar *Kurs i endringsleiing	2019/2020 Vår og Haust 2019
	Ha grunnleggjande kunnskap om velferdsteknologi og bruken av den	Opplæring	*Lokale arbeidsseminar *Nettverk/Workshop *Konferansar *Velferdsteknologiens ABC *Opplæringsplan med leverandør	2019/2020
	Ansvarleg for utarbeiding av rutine og prosedyrar i eigen kommune	Opplæring	*Workshop	2019/2020
	Ansvarleg for gjennomføring av ROS – analyser og informasjonstryggleik i eigen kommune	Opplæring i ROS - analyser	*Workshop ROS – analyse *Workshop PA – consulting *Lokale arbeidsseminar	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Ressurspersonar	Vera ein ressurs og pådrivar i eigen kommune	Utveksling av erfaringar Opplæring etter behov Utdanningar	*Faste månadleg samlingar med prosjektmedarbeidarane *Hospitering *Delta på aktuelle konferansar *Workshop Pa – Consulting *Lokale arbeidsseminar *Kurs i endringsleiing *Vidareutdanningar	2019/2020 Vår og Haust 2019 Skuleåret 2019/2020
	Inneha god kunnskap innan velferdsteknologi	Opplæring og utdanningar	*Velferdsteknologiens ABC *Vidareutdanningar	2019/2020
	Vera ein ressurs og ha sær god kunnskap om aktuell velferdsteknologi og bruken av den	Opplæring i rutinar og utsyr	*Opplæringsplan med leverandør *Lokal opplæring knytt til rutinar	2019/2020
	Medverke til utarbeiding av ROS – analyser og informasjonstryggleik i eigen kommune	Opplæring i ROS – analyser	*Workshop – ROS analyse *Workshop PA – consulting *Lokale arbeidsseminar	2019/2020
	Være med på utarbeiding av rutinar og prosedyrar i eigen kommune	Opplæring	*Workshop – rutinar og prosedyrar	2019/2020
Utvalde tilsette i kommunen som skal ha ei rolle knytt til velferdsteknologi	Vera ein ressurs og ha sær god kunnskap om aktuell velferdsteknologi og bruken av den	Opplæring i rutinar og utsyr	*Opplæringsplan med leverandør *Lokal opplæring knytt til rutinar *Velferdsteknologiens ABC *Hospitering	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Tilsette helse og omsorg	Ha grunnleggande kunnskap om velferdsteknologi og kunne rettleie brukarar og pårørande	Opplæring og utdanningar	* Lokale arbeidsseminar * Personalmøte lokalt * Velferdsteknologiens ABC * Konferansar * Vidareutdanningar	2019/2020 Skuleåret 2019/2020
	Ha god kunnskap om aktuell velferdsteknologi og bruken av den	Opplæring i rutinar og utsyr	* Lokal opplæring knytt til utstyr og rutinar * Opplæringsplan med leverandør	2019/2020
Tilsette Ikt	Ha grunnleggjande kunnskap om velferdsteknologi og teknologiske løysingar	Opplæring	* Lokale arbeidsseminar * Velferdsteknologiens ABC * Hospitere * Delta på demonstrasjonar frå ulike leverandørar	2019/2020
	Ha god kunnskap om aktuell velferdsteknologi sine teknologiske løysingar	Opplæring i utsyr og rutinar	* Opplæringsplan med leverandør * Lokal opplæring knytt til rutinar	2019/2020
Tilsette oppvekst	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Opplæring	* Lokale arbeidsseminar * Konferansar * Velferdsteknologiens ABC	2019/2020
	Ha kunnskap om aktuell velferdsteknologi	Informasjon	* Informasjonsmøte	2019/2020
Tilsette teknisk og brann	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Opplæring	* Lokale arbeidsseminar * Konferansar * Velferdsteknologiens ABC * Workshop ROS-analyse	2019/2020
	Ha god kunnskap om aktuell velferdsteknologi og rutinar	Opplæring i utsyr og rutinar	* Opplæringsplan med leverandør * Lokal opplæring knytt til utstyr og rutinar	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Legar/fastlegar	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon Samarbeidsmøte, helseutval	*Konferansar *Informasjonsmøte *Velferdsteknologiens ABC	2019/2020
	Ha kunnskap om aktuell velferdsteknologi	Informasjon	*Informasjonsmøte *Informasjonsmateriell	2019/2020
Brukarar	Ha kunnskap om aktuell velferdsteknologi	Informasjon og opplæring	*Informasjon ein til ein *Informasjonsmøte *Opplæring av utstyr når ein skal ta det i bruk	2019/2020
Pårørande	Ha kunnskap om aktuell velferdsteknologi	Informasjon og opplæring	*Informasjon ein til ein *Informasjonsmøte *Opplæring av utstyr når det skal takast i bruk	2019/2020
Politikarar/Utval/ Regionråd	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon	*Informasjonsmøte i dei ulike kommunestyra og ulike råd *Konferansar *Workshop	2019/2020
Rådmannsgruppa	Overordna ansvar for gjennomføring av for prosjektet	Informasjon	*Informasjonsmøte lokalt og i ulike samarbeidsforum *Workshop	2019/2020
	Ha grunnleggjande kunnskap om velferdsteknologi	Opplæring	*Lokale arbeidsseminar *Konferansar	2019/2020
	Overordna ansvar for ROS – analyser og informasjonstryggleik i eigen kommune	Opplæring	*Workshop – ROS – analyse *Lokale arbeidsseminar	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
Frivillighetssentralar	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon og opplæring	*Informasjonsmøte *Lokale arbeidsseminar *Velferdsteknologiens ABC *Konferansar *Workshop	2019/2020
Brukarorganisasjonar	Ha grunnleggande kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon og opplæring	*Informasjonsmøte *Velferdsteknologiens ABC *Konferansar *Workshop	2019/2020
Innbyggerane	Ha kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon	*Informasjonsmøte *Kommunale heimesider *Heimeside Vestlandsprosjektet *Facebook-sider *Media	2019/2020
	Ha kunnskap om tenestetilbodet velferdsteknologi	Informasjon	*Informasjonsmøte *Kommunale heimesider *Informasjonsmateriell *Stand og utstillingar på sentrale plassar og arrangement	2019/2020

MÅLGRUPPE	MÅL	TILTAK	METODE	TIDSPUNKT
ANDRE MÅLGRUPPER *Andre kommunar *Nav *Spesialisthelsetenesta *Utdanningsinstitusjonar *Frivillige organisasjonar	Ha kunnskap om prosjektet og velferdsteknologi	Informasjon	*Konferansar om velferdsteknologi *Besøk til prosjektet *Prosjektet sine egne konferansar *Ulike typar nettverk og samarbeidsforum *Heimeside til Vestlandsprosjektet *Facebook-sida til Vestlandsprosjektet *Kommunale visningsleiligheter	2019/2020
	Ha kunnskap om tenestetilbodet velferdsteknologi	Informasjon	*Informasjonsmøte *Kommunale heimesider *Informasjonsmateriell *Stand og utstilling på sentrale plasser og arrangement	2019/2020